

Windafjord Port

► Utkast planinitiativ/planprogram Windafjord Port Dommersnes industriområde

Detaljregulering med KU for Dommersnes industriområde

Plan 1160-2023-0xy



Kjilde: Dommersnes AS (Windafjord Port)

Oppdragsnr.: 52307133 Dokumentnr.: PI01 Planinitiativ til oppstartsmøte Versjon: A01 Dato: 2023-10-03

1 Ansvarlege

Forslagsstillar/tiltakshavar	
Firma	Dommersnes AS (Windafjord Port) – Omtalt WP i teksten
Organisasjonsnummer	931579185
Adresse	c/o Westcon Yards, Jektevikvegen 45, 5582 Ølensvåg
Kontaktperson	Jørgen Jorde
E-post	41 29 66 39
Telefon	jorgen@windafjord.com
Fagkyndig	
Firma	Norconsult AS
Organisasjonsnummer	992097426
Adresse	Torggata 10, NO-5525 Haugesund
Kontaktperson	Anne Sofie Sandvik
E-post	anne.sofie.sandvik@norconsult.com
Telefon	93 64 60 43
Fagansvarleg plan	Peter Sonnenberg
E-post	Peter.sonnenberg@norconsult.com
Telefon	45 40 47 14

A01	2023-10-03	utkast til oppstartsmøte med kunden	pso	maraar	ansand
Versjon	Dato	Skildring	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på anna måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Innhold

1	Ansvarlege	2
2	Bakgrunn for planarbeidet	5
2.1	Saka gjeld	5
2.2	Føresetnader for planarbeidet	5
2.3	Føremålet med planarbeidet	9
3	Planområdet	9
3.1	Omtale av tiltak	9
3.2	Forslag til plangrense	10
3.2.1	<i>rdering av plangrensa</i>	10
3.3	<i>Avkøyring/tilkomst:</i>	12
3.4	Rigg-/hamneområde i Ålfjorden	13
4	Overordna planar, føringar og målsettingar	14
4.1	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 (2019)	14
4.2	Statlege planrettleiingar for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)	14
4.3	NVE Retningsliner nr. 2/2011 Flom og skredfare i arealplanar (2014)	14
4.4	Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442/2021)	14
4.5	Regionalplan for energi og klima i Rogaland 2010-2020	14
4.6	Regionalplan for grøn industri	14
4.7	Regional kystzoneplan for sunnhordland og ytre Hardanger	15
4.8	Handlingsprogram for Samferdsel med 2023-2030	16
4.9	Kommuneplanen sin samfunnsdel (høyringsutkast)	16
5	Planstatus	17
5.1	Kommuneplanen sin arealdel	17
5.2	Forholdet til eldre detaljplanar/utbyggingsplanar	18
5.3	Reguleringsplan for industriområde på Dommersnes	18
5.4	Reguleringsplan for Leirhammar/Dommersnes i nord	19
5.5	Reguleringsplan for Skjeljavika Hyttefelt i sør	19
5.6	Reguleringsplan Hytteområde Dommersnes, Kolstø	20
6	Planprosess med planprogram og konsekvensutgreiing	20
6.1	Generelt om krav til utredning og planskildring i plansaker	20
6.2	Kva utløyser krav om planprogram og konsekvensutgreiing	20
6.3	Forskrift om konsekvensutgreiing	20
6.4	Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, jf. vedlegg I:	21
6.5	Opplysningar som skal leggast fram før oppstart	22
6.6	Prosess for medverknad under utarbeiding av planprogram	22
6.7	Vurdering av mottekne merknader og uttale til planprogram	22
6.8	Framdrift	23
6.9	Forhold til 0-alternativet og kommuneplanen sin arealdel	24

6.10	Vurdering av kriteria i forskrifta sin § 10, gjelder vedlegg II, brukast som grunnlag for gjennomgang	24
7	Utgreiingsprogram (førebels innleiande oversikt)	25
8	Søknader i samsvar med andre lover og forskrifter	28
8.1	Generelt	28
8.2	Forureiningslova	28
8.3	Energilova	28
8.4	Vassressurslova	29
8.5	Minerallova	29
8.6	Hamne- og farvasslova	29
9	Vedlegg	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9.1	Kartvedlegg med foreslått plangrense	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10	Kjelder	31
10.1	Kommuneplan for Vindafjord 2017-2029 med føresegner og retningslinjer, samt avklaring av status til reguleringsplanar	31
10.2	Naturbasekart,	31
10.3	Artsdatabanken,	31
10.4	NVE-Atlas,	31
10.5	Kulturminnesok.no	31
10.6	NGU-Atlas	31
10.7	Temakart-Rogaland	31

2 Bakgrunn for planarbeidet

2.1 Saka gjeld

Dommersnes industriområde er kjent frå fleire større industriprosjekt. Område er regulert gjennom detaljreguleringsplan for Dommersnes industriområde som blei vedteken allereie 30.10.1980. Det er ca 530 mål som er regulert til industri og Vindafjord kommune eig ca 200 mål. Ved utvikling av Ekkofiskfeltet i Nordsjøen og oppstarten av norsk oljeproduksjon blei område dei første åra mest kjend for bygginga av Ekkofisk-veggen i 1988/1989. I dei seinare åra har utbygginga av Hywind Tampen for Aker Solutions/Equinor vist at industriområde på Dommersnes er godt eigna for mellom anna produksjon og samanstilling av havvindmøller. Det er likevel berre ein liten del av kommunen sitt industriareal som er utbygd til desse formåla. Resten av industriområde er og berre delvis utbygd, men om lag 50 mål er i bruk av andre næringsverksemdar.

Etter at utbygginga av Hywind Tampen vart avslutta har fleire aktørar vist interesse for å nytte området til andre prosjekt med produksjon og samanstilling av havvindmøller. Det potensielle omfanget av desse prosjekta vil truleg ha behov for å nytte 200- 500 mål av arealet som er avsett til industri, og det vil vere naudsynt å både regulere og opparbeide arealet for full produksjon.


Dommersnes AS (Windafjord Port, WP) er eit nystifta selskap som skal stå for utviklinga av området. Det er eit privat/offentleg selskap med kommunen som ein av partane. WP ønskjer å utvide og utvikle Dommersnes industriområde og forvaltar gjennom selskapet omtrent 200 mål av det 530 mål store regulerte industriområde. Gjeldande reguleringsplanen er ikkje tilstrekkeleg oppdatert og tilfredsstillar truleg ikkje dagens krav. Planen har og ein uheldig inndeling og form på næringsområde og grøntområde.

Området er tenkt nytta som eit større nærings- og hamneområde til sjø og primært for samanstilling av havvindkonstruksjonar. Som ein del av den innleiande fasen av oppdraget skal Norconsult AS utarbeide eit forprosjekt som viser mogleg industriutvikling av området i ulike fasar. Havvind er ein ny industri og korleis område skal utviklast er avhengig av produksjonsform, lagringsbehov og kapasitet, val av teknologi og om område skal nyttast både til produksjon og/eller samanstilling av havvindmøller. Det er derfor lite som er avklart ved planinitiativ, men forprosjekt og seinare endeleg skisseprosjekt vil vere grunnlag for innsending av planforslag. Ein godkjent reguleringsplan er ein nødvendig føresetnad for å kunne ta ein avgjerd om investering for den fulle utviklinga av området.

2.2 Føresetnadar for planarbeidet

WP har i samsvar med gjeldande reguleringsplan søkt om planering av området markert som fase 1 i illustrasjonen under. Dette området må tilpassast ein ny reguleringsplan og skal vurderast som ein del av eit nytt og større industriområde. Det er viktig å få avklart ved oppstart av planarbeidet om handsaming av fase 1 er avhengig av planprosessen for ny regulering.

Det er eit mål om å utvikle fase 2 i årsskiftet 2024-2025. Realisering av fase 2 er vanskeleg utan ei reguleringsendring, då det inneber utfylling i sjøen og bygging av ny kai som ikkje er tilstrekkeleg avklart i gjeldande reguleringsplan. Industriutviklinga i fase 2 vil medføre ein betydeleg endring av dagens situasjon og krevje store investeringar. For å sikre gjennomføringa er det viktig med ein ny reguleringsplan som er rettsleg bindande.



Figur 1 Oversikt over tenkte fasar og utviklingstrinn for industriområdet på Dommersnes, basert på godkjent kommuneplan, vedteken 20.06.2017. Kjelde: Dommersnes AS (førespurnad) og www.Vindafjord.kommune.no

Ei realisering av fase 3 og utviklinga av heile det regulerte industriområdet vil krevje ein omlegging av fylkesvegen i tråd med gjeldande reguleringsplan. Vegtraseen i den noverande planen må vurderast på nytt då regelverket er endra. Det må avklarast med kommunen og fylkeskommunen (som er vegeigar/vegmynde) om denne planavklaringa skal inkluderast i den same reguleringsplanen, eller om det skal handterast som ein eigen plan. Det er sterkt tilrådd å regulere dette i ein felles reguleringsplanprosess.

Den eksisterande høgspennetlina, som vart bygd for nokre år sidan, vil påverke traseval.

Areal som kan inkluderast i planen (kjem tillegg for moglege omsynssoner) utgjer totalt rundt 1100 dekar. Det er omtrent 530 dekar på land som er regulert til næringsutvikling. Vindafjord kommune eig omtrent 200 dekar av dette området i dag, men utbyggingsselskapet WP står for utviklinga av området.


Produksjon av flytande havvindkonstruksjonar vil krevja større område på sjøen i tillegg til landarealet. Gjeldande reguleringsplan inkluderer ein del sjøareal, men det nye planområdet vil omfatte eit større sjøareal («riggområde i kommuneplanen») og vil dekke eit område som er større enn dagens planområde. Det er truleg også behov for ytterlegare areal mot kommunegrensa i vest.



Figur 2: Utsnitt av reguleringsplanen og kommuneplanen for Windafjord 2017-2029 med sjøareal og kommunegrensa mot Sveio i vest (stipla linje). Kjelde: www.kommunekart.com

Dersom det skulle koma endringar før planforslaget blir sendt inn, vil dette bli varsla separat. Det vil bli utarbeidd ein plan som sikrar utbygging i fleire trinn/fasar og som vil omfatta både vertikalnivå på overflata og på sjøbotnen.

Eventuelle andre godkjenningar som er naudsynte etter plan- og bygningslova vil bli handsama seinare. Planarbeidet skal utgreiast i tråd med plan- og bygningslova, men det skal også tas omsyn til krav i veglova, forureiningslova, hamne- og farvasslova, og eventuelt energilova eller vassdragslova. Det skal også vurderast gjeldande forskrifter i planarbeidet.



Figur 3 Kart over dybde i sjømråde utanfor Dommersnes, med et meir detaljert utsnitt over det grunne område som er aktuell for utfylling. Kjelde: Kystinfo

2.3 Føremålet med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit større nærings- og hamneområde til sjø gjennom berekraftig utnytting og ombruk av eksisterande industriområde. Primært er utviklinga knytta til offshore vind og etableringa av havvind i Nordsjøen. Planarbeidet skal avklare og sikre moglege og ønskelege industriutvikling i dei tre føreslåtte fasane ved oppdatering av reguleringsplanen basert på konsekvensutgreiing innafør aktuelle tema. I arbeidet vil mogelege byggetrinn for utfylling, omfang av kaianlegg og planering på ulike terrengnivå bli vurdert. Forprosjekt og seinare skisseprosjekt skal få fram mogelege løysingar, men det vil vere eit behov for å utvide og utvikle frå 200-500 mål ferdig industriareal. Skisseprosjektet må avklare rom for fleksible løysingar i dei ulike fasane.

Området skal og utgreiast for moglege sambruk med andre næringar og eventuell alternativ bruk av industriareala.

Havvindsatsinga krevjar større sjøareal og planen skal avklara og avgrense behov for sjøareal til blant anna samanstilling og lagring av installasjonar.

Utvikling av 500 mål med nytt industriareal krevjar omlegging av fylkesvegen og planen skal avklara tilkomst frå fylkesvegen og løysingar for eksisterande veger og kommunaltekniske anlegg.

Planarbeidet skal vurdere verknadar på natur, landbruk, friluftsliv, landskap og miljø inkludert støypåverknad av omgjevningane. Arbeidet skal vidare avklare løysingar og føresetnadar for kraft- og vasstilføring for etablering av industriverksemda med offshore vindkraftanlegg.

Planarbeidet skal gjennom gode medverknadsprosessar sikre innsikt og samhandling med lokalsamfunnet og det vil bli vurdert ringverknadar for lokalsamfunnet.

3 Planområdet

3.1 Omtale av tiltak

Tiltaket består av opparbeiding av industritomt til konstruksjon, lagring av delar og montering/samanstilling av offshore-vindkraftturbinar.

Opparbeiding av område kan omfatte sprenging til flatt areal på kote 3-4 med eigna avgrensing og utforming. Opparbeiding skal og omfatte fylling og nytt areal i sjø, samt kaiar som er naudsynt for handtering av transport og løft mellom fartøy, flytande konstruksjonar og landareal.

Ved varsel om planoppstart skal det i eit forprosjekt illustrerast kva som er potensialet for utfylling i sjø, bygging av kaianlegg og planering av opp til 200- 500 mål næringsareal. Dette er ein ny industri og det er mange faktorar som kan påverke kor stort areal det vil vere behov for. Forprosjektet vil både sjå på utvikling av eit 200 mål stort område og 500 mål og korleis desse best moglege kan utformast som eit samanhengande planert industriområde.

Endeleg skisseprosjekt skal vere grunnlaget for eit planforslag.

Det er ønskjeleg at utviklinga av område skal vere teknologiavhengig. Full utvikling av område vil krevje ein total kailengde på opp mot 500 meter. Dette er ein kailengde som var planlagt opparbeid også i gjeldande reguleringsplan. Det er vanskeleg å gi konkrete tall for høgder og volum på anlegg og konstruksjonar på nåverande tidspunkt.

Sluttproduktet er offshore vindkraftanlegg som er klargjort for transport til lokalitet på sokkelen der det er gitt konsesjon. Noreg og Europa har stort behov for hamn og industriareal til sjø og skisseprosjektet vil og sjå på

samtidig og anna bruk av næringsområde. Her vil og mogleg etterbruk bli drøfta. Dette kan også opne for andre framtidige moglegheiter.




Figur 4 Illustrasjon som tidlegare er brukt for å vise mogleg bruk og utforming av område Kjelde: Dommersnes AS, Illustrasjon Multiconsult AS

3.2 Forslag til plangrense

Alt regulert industriareal skal vera del av ny reguleringsplan. I tillegg vil ny fylkesveg frå tilkøpling i nord til tilkøpling i sør vere omfatta. Regulering av sjøareal til «riggområde» er eit krav i kommuneplanen sine føresegner. Her foreslår vi at plangrensen leggast i kommunegrensa i vest og noko utanfor grensa mot nord og sør, sjå raud stipla linje i figur under.

Område H1 (brunt) mellom industriområde (kai på Dommersnes) og sør til Skjeljavika er regulert til hytteområde med berre ei føresegn om at bygging av hytter nærare enn 30 m frå industriområde ikkje er tillate. Området omfattar 7 eigedomar med 11 hytter. Det er ikkje kjend om nokon av fritidsbustadene er godkjend som heilårsbustad. Området skal vera med i planområdet for å betre ivareta eksisterande fritidsbustader og kunne vurdere restriksjonar for framtidig utbygging med hytter, etablere buffersoner og liknande tiltak.



Figur 5 Førrebels forslag til avgrensning av industriområde på Dommersnes. Gjeldande reguleringsplan i bakgrunnen;
Kjelde: Dommersnes AS og Norconsult AS; Kommunekart.com

Eksisterende bygninger:

I tillegg til 11 hytter innanfor H1, er det fleire eksisterande bygningar og næringsverksemdar innanfor planområdet. Det er 5 næringsbygg nord ved Vikevegen, hallar og anlegg ved Dommersnes kai, samt anleggsbrakker aust for Vikevegen opp til Bekkjarviks haugane. Det er cirka 50 mål med eksisterande annan næring innanfor planområdet. Gode avtalar for desse vil derfor vere viktige for utnyttinga av området, og det er viktig at kontakt med grunneigarane og forhandlingar om erverv skjer samtidig med planarbeidet. Det er få andre aktuelle næringsareal i Vikebygd, så det kan vere lurt å undersøkje om det er mogleg å skaffe erstatningsareal i randsonene av det reviderte næringsområdet. Mange av bygningane er også mellombelse og vart oppførte i tidlegare anleggsfasar då området i større grad vart nytta.



Figur 6 Nærings- og anleggsbygg innanfor industriområde nord ved Vikevegen, Kjelde: kommunekart.com

Følgjande eigedomar ligg innafør planområdet:

Namn	Eigedom (gnr/bnr)
Vindafjord kommune	332/38, 332/59, 332/60, 332/61, 332/71, 332/74
Rogaland fylkeskommune	332/40, 332/68
Privat heimelshavar	332/2, 332/4, 332/5, 332/7, 332/8, 332/23, 332/24, 332/53, 332/55, 332/58, 332/69, 332/70, 332/72, 332/73, 332/75, 332/76, 332/77, 332/122, 332/123, 333/1, 333/5, 333/9, 333/15, 333/17, 333/56
	Umatrikulert veggrunn x 2

3.3 Avkøyring/tilkomst:

Dagens avkøyring til industriområdet i nord ved nr. 1014 skal nyttast som tilkomst inntil vidare. Som følge av utbygging er det naudsynt med mellombelse løysingar som tek vare på anleggsarbeid og etableringar av planlagde kaianlegg i tidleg fase. Det skal etablerast tilgangskontroll til industriområdet og kaianlegg. Kaianlegget vil vera omfatta av forskrift om sikring av hamneanlegg, og sikringa til anlegget vil bli utforma i samsvar med forskrifta.

Ny trase fylkesveg 4736

Som kommuneplanen syner, og i samsvar med dialog med vegmynde (Rogaland Fylkeskommune) må ein ny trase med kryss i begge endar vurderast og avgjerast som del av plan- og utredningsarbeidet.

Kommunen har meldt behov for utbetring av fv 4736 Vikevegen til Rogaland Fylkeskommune. Vindafjord kommune reknar med planleggingsmidlar i 2024, jf. kapittel 4.8.

Argument som er framført er mellom anna at delar av Vikevegen er smal, svingete og har dårleg vegskulder. Både framkomst og trafikktryggleik er dårleg. Ei utbetring er viktig for dei som bur og har hytte i Vikebygd, samt for næringslivet på strekninga. Det er ein relativt stor del tunngtransport langs vegen.

Det rettast fokus på utvikling av industri- og næringsområde ved Dommersnes med foreslått ny fylkesveg på austsida av traséen Vikevegen har i dag. Trongen for eit større samanhengande næringsområde tilseier at den regulerte traseen er aktuell for realisering, samstundes som den sikrar betre trafikale forhold i eit langt perspektiv. Kommunen peikar også på at ei tredjepartsfinansiering kan vera aktuell her. Kommunen har interesse av å knytte Skjold og Vikebygd vassverk saman langs denne strekninga (her: Trovåg – Skjeljavika).

Det manglar gangveg langs bru på sørsida av Plassavegen og GS-veg vidare fram til butikken i bygda der det går gang- og sykkelveg nordover mot skule og bygdehus/idrettshall. Gangvegen er regulert. Dette er eit tiltak som er sterkt etterspurt av innbyggjarane i Vikebygd. Strekninga har i dag fartsgrense 50 km/t, og blir opplevd som utrygg. Barnetråkk-kartlegginga viser at det ferdast mange barn langs vegen her, både til skule og i samband med fritidsaktivitetar.

3.4 Rigg-/hamneområde i Ålfjorden

Avgrensing av planområdet inneber at riggområde i Ålfjorden avgrensast til Vindafjord kommune si side og at området kan få ei anna utforming/grense mot nord og sør.



Figur 7 Farleddsareal og rigg-område i Kystverkets database; Kjelde: kystinfo.no

4 Overordna planar, føringar og målsettingar

4.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 (2019)

I 2019 la regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for perioden 2023-2027. Målet med desse forventningane er å fremje ein berekraftig utvikling i heile landet. Regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane tek omsyn til berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla, og lokalt folkestyre i samfunns- og arealplanlegginga. Målet er å leggje til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn over heile landet.

I forventingsbrevet blir det lagt vekt på fem hovudområde:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

4.2 Statlege planretteiingar for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)

Retningslinene skal bidra til at kommunar, fylkeskommunar og staten, gjennom planlegging og annan mynde- og verksemdsutøving, stimulerer til og bidrar til reduksjon av klimagassutslepp og auka miljøvenleg energiomlegging.

4.3 NVE Retningsliner nr. 2/2011 Flom og skredfare i arealplanar (2014)

Retningslinene skal bidra til at flaum- og skredfare blir kartlagt og teke omsyn til i arealplanar. Retningslinene byggjer på føresegnene i plan- og bygningslova og krav til tryggleik mot flaum og skred som er gitt i bygningsteknisk forskrift. Retningslinene bør leggast til grunn ved arealplanlegging i område som kan bli utsett for eller føre til fare.

4.4 Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegginga (T-1442/2021)

Retningslinjene skal leggast til grunn av kommunar, regionale myndigheiter og berørte statlege organ ved planlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningslova. Retningslinja gir tilrådde grenseverdier for støynivå utandørs, på fasade og på uteopphaldsareal for støyfølsam busetnad. Vidare gir retningslinja også kvalitetskriterium for planlegging av ny støyfølsam busetnad og planlegging av støyande anlegg og verksemd.

4.5 Regionalplan for energi og klima i Rogaland 2010-2020

Regionalplan for energi og klima i Rogaland 2010-2020 vart vedteken i 2010 og gir regionale føringar for berekraftig produksjon av fornybar energi, samt tiltak for effektiv energibruk og reduksjon av klimagassar i Rogaland. Planen peikar på status og utfordringar i energi- og klimapolitikken og set følgjande hovudmål:

- Rogaland skal produsere 4 TWh ny fornybar energi innan 2020.
- Rogaland skal redusere sitt energiforbruk med 20 prosent innan 2020.
- Rogaland skal innan 2020 redusere sine utslepp av klimagassar med 600 000 til 700 000 tonn CO₂-ekvivalenter - når storindustrien blir halde utanfor.
- Planen legg blant anna opp til auka satsing på fornybar energiproduksjon frå vind og vatn.

4.6 Regionalplan for grøn industri

Regionale planar er styrande for utviklinga i fylket. I utviklingsplan for Rogaland - regional planstrategi 2021–2024 blir det peikt på eit behov for auka kunnskap og overordna retningsliner når det gjeld avvegingar knytte til næringslivet sitt klima- og miljøfotavtrykk. Dette gjeld fleire bransjar som har særskilde behov, som behov

for store areal, høg straumeffekt eller der samfunnstryggleik set grenser for lokalisering. Regionalplan for grøn industri er svaret på dette behovet.

Denne planen vil i særleg grad vere styrande for utviklinga på Dommersnes og omhandlar meir spesifikt og konkret rammene og føresetnadane for Dommersnes enn det Regionalplan for areal og transport gjer. – Me har difor konsentrert oss om trekke ut rammene frå regionalplan for grøn industri, vedteken 14.06.2023, <https://www.rogfk.no/vare-tjenester/planlegging/gjeldende-planer-og-strategier/bolig-areal-og-transport/regionalplan-for-gronn-industri-for-areal-og-kraftkrevende-naring/regionalplan-for-gronn-industri/>


Målet med planen er å leggja til rette for verdiskaping og arbeidsplassar innan grøn industri som bidrar til eit naturnøytralt lågutsleppssamfunn. Eit viktig grep i planen er å avgrense arealbruken for nye næringar. Arealbehovet vert avgrensa ved gjenbruk av allereie brukte areal og ved at det vert peika ut prioriterte areal for denne typen verksemd. Det vert lagt opp til restaurering av natur- og økosystem som vert nedbygde.

Planen peikar blant anna ut nokre regionalt prioriterte sjønære industriareal som skal prioriterast for utbygging. Dommersnes er i Regionalplan for grøn industri, eit av dei prioriterte industriareala. Det er djupna i Ålfjorden, den skjerma plasseringa, korte avstandar til andre føretak i næringsklynga og ut til Nordsjøen som utgjer dei spesielle kvalitetane og fordelane av Dommersnes-området.

Dei aktuelle retningslinjene her er

Utvikle og byggemodne regionalt prioriterte sjønære industriarealer

1. Det bør tilrettelegges for at areal- krevende virksomheter med tomtebehov større enn 100 daa, behov for sjøtilknytning og sirkulære løysningar kan lokaliseres i de prioriterte sjønære områdene jfr fig. 8.
2. Kommunene bør evaluere områdene med hensyn til næringsattraktivitet, miljøkonflikter, jordvern, lokalisering og arrondering av arealene i forbindelse med kommuneplanarbeidet.
3. Næringsparkene bør utvikles med nødvendig infrastruktur og sikres arealer som muliggjør sirkulære løysningar med hensyn til energi, produktinnsats og innovasjon.
4. Regionale og lokale myndigheter bør inngå strategisk samarbeid på tvers av kommunegrenser for å utvikle og byggemodne næringsparkene, samt gjøere de markedsclare.
5. Strategisk eierskap bør vurderes for å forvalte områdene etter langsiktige, strategiske målsettinger.



Figur 8 «Regionalplan for grøn industri», . Kjelde: www.rogfk.no

4.7 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger

Den andre viktige regionalplanen i dette arbeidet er regional kystsoneplan for Sunnhordland og Hardanger. Sjøområda utanfor Dommersnes ligg i Sunnhordlandsbassenget og grenser både til Sveio kommune og Vestland fylkeskommune.

Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnæringa som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og **sjøretta næringsareal**.

Regionalt viktige næringsområde ved sjø er identifiserte basert på kriterium som god tilkomst frå sjøsida, tilknytning til hovudfarleier, romslege kaiområde og næringsområde med stor betydning for regionen. Maritim næring skal ha gode vilkår for utvikling gjennom trygge farleier og hamneområde. Regionalt viktige næringsområde til sjø må planleggjast i eit regionalt perspektiv og sikrast framtidige utviklingsmoglegheiter.

Under sjøtransport og maritim næring vil følgjande retningslinje knytt til næringsområde til sjø vere førande for planarbeidet her.

2.20 Næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Samanhengen mellom land- og sjøareal må ivaretaast.

Det er kartlagt både maritime næringsareal som riggområde og peikt ut regionalt viktige næringsområde ved sjø. Det er eit større riggområde i sjøområde utanfor Dommersnes og Dommersnes er peikt ut som regionalt viktig industrikai i denne planen.

4.8 Handlingsprogram for Samferdsel med 2023-2030

Fylkestinget vedtok «Handlingsprogram for Samferdsel med 2023-2030» med følgjande endringar:

2) *Jf. vedtak i sak om årsbudsjett og økonomiplan økes rammen for midler til gjennomføring av handlingsprogram fylkesveg med 15 mill. første år (5 mill.+10 mill. fra forskyvning av to kryss i Time kommune) og 40 mill. påfølgende år. Det legges til grunn at dette nivået videreføres i hele handlingsprogramperioden.*

3) *Av den økte rammen disponeres 15 millioner kroner årlig i 2023 og 2024 til Samferdselsavdelingen, og midlene benyttes til å starte planlegging/regulering/oppstart av vei- og g/s-veiprosjekt som er rekkefølgekrav for utvikling av nye næringsområder for areal- og kraftkrevende industri i Bjerkreim, Time, Suldal og Vindafjord. Det legges til grunn lokal medfinansiering, tredjepartsfinansiering osv. i gjennomføring av prosjektene, og det kan inngås avtaler om dette.»*

Dette vedtaket kan sikre nødvendig revisjon av reguleringsplanen for omlegging av fylkesvegen og at den blir regulert samtidig med resten av område.

4.9 Kommuneplanen sin samfunnsdel (høyringsutkast)

Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er under revisjon og høyringsutkastet til samfunnsdelen leggst ut i desse dagar.

Eit av måla i planen er at Vindafjord skal ha ein berekraftig næringsutvikling. Ein av strategiane for å sikre dette er å utvikle strategisk viktige næringsareal på Dommersnes og Nerheim.

5 Planstatus

5.1 Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel vart vedteken den 20.06.2017 i samband med hovudrevisjon, der planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel samt arealdel med føresegner blei vedteken.

Figur 9 (under) syner arealføremåla i gjeldande kommuneplan. Vidareutvikling av Dommersnes industriområde for hamne- og samanstillingsområde for havvind vil føre til industriell aktivitet i riggområde utanfor Dommersnes. Dette er ei vesentleg føresetnad for etableringa på denne staden.

Føresegnene til riggområda i kommuneplanen sett krav om reguleringsplan (med planprogram og KU).

«§ 5.5 Riggområde

§ 5.5.1 Riggområde generelt

I dei tre riggområda (to andre i kommunen) kan fartøy, riggar eller andre installasjonar ankra opp i samband med inn- og uttransport til / frå dei tilliggjande næringsområda. For eventuell industriell aktivitet i riggområda er det krav om reguleringsplan (med planprogram og KU). Planen skal beskriva kva type installasjon det gjeld og kva aktivitet som skal utførast. Det må gå fram av plandokumenta korleis all forureining kan bli kontrollert og utsleppa regulert..»

Det er eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan i KPL sine føresegner § 1 b. Dei spesifikke føresegner for næringsområda, jf. § 1.8 gjelde ikkje for Dommersnes.

Kommuneplanen har også eit sett med føresegner knytt til "Område for bruk og vern av sjø og vassdrag – generelt" i § 5.1. – Alle forhold som er nemnd må vurderast som ein del av planutforming, til dømes bevaring landskap, byggjegrænse mot sjø, tiltak som påverke fiske etc.



Figur 9 Utsnitt av kommuneplan 2017-2029, vedteken 20.6.2017. Kjelde: Kommunekart.com

5.2 Forholdet til eldre detaljplanar/utbyggingsplanar


Juridisk bindande arealplanar vedtekne før kommuneplanens arealdel gjeld framleis. Plan- og bygningslovas prinsipp om at siste planvedtak gjeld er **gitt i § 1-5.**

Ved eventuell motstrid går kommuneplanen, ny plan eller statleg eller regional planføresegn framfor eldre plan. Dette betyr at eldre planar med sine føresegner vidareførast utan at desse er konkret lista opp, så fram det ikkje er motstrid i føresegnene til nyare planar.

Det er fleire eldre reguleringsplanar som ligg i nærleiken av planområde og som kan få følgjer av planarbeidet. Under er det lista opp dei som er identifisert.

5.3 Reguleringsplan for industriområde på Dommersnes

I gjeldande reguleringsplan for industriområde på Dommersnes (plan-ID 2000121, godkjent 30.10.1980) inngår store landbruksområde som ligg aust av Bekkjarvika, Skjeljavika og dagens fylkesveg.



Figur 10 Utsnitt av reguleringsplan 2000121 Jordbruks- og industriområde på Dommersnes. Kjelde: Kommuneatlas.no


Føresegner til reguleringsplanen tilet:

- Bygg og anlegg som skal brukast til industriføremål, eller er knytt til dette.
- Bygg kan oppførast i inntil 3 etasjar og gesimshøgda skal ikkje overstige 12 meter.
- Ved terrenginngrep og massedeponi skal kvar enkelt skjering- eller fylling ikkje vere høgare enn fire meter.
- Før ein tek til med massedeponering eller planering av eit område skal det leggjast fram for bygningsrådet en plan for godkjenning.
- Planen skal syne området ferdig opparbeidd.
- På industriområde I-4 kan det oppførast større bygg og gjerast større terrenginngrep enn det som elles kan godkjennast. Også her gjeld kravet om å leggje fram plan for bygningsrådet.
- For industriområde I-2 gjeld at det berre skal brukast til massedeponi. Der et ikkje lov til å lagre utstyr eller andre ting som ikkje er strengt turvande for føremålet. Også her skal det leggjast fram ein plan før arbeidet tek til som syner endeleg utforming når deponiet er avslutta.

I tillegg er det gitt føresegner for parkering, utelagring/inngjerding samt utnytingsgrad på 0,5 av bruttoareal, tilsvarande BYA. Det ligg også to «isolasjonssonar» (seinare kalt 'parkbelte i industristrøk') innanfor planen.

5.4 Reguleringsplan for Leirhammar/Dommersnes i nord

Rundt 200 meter nord for plangrensa til Dommersnes ligg eit område regulert til fritidsbustad og byggeområde naust i «Detaljplan for Leirhammar/Dommersnes» til planområdet (plan-ID 1160-10-67, godkjent den 06.09.2011). Vel halvparten av dei regulerte tomtene er utbygd. Området mellom Leirhammar/Dommersnes og ny reguleringsplan har spreitt bygnad med omlag 8 bustadar/fritidsbustadar.



Figur 11 Reguleringsplan for Leirhammar/Dommersnes, område for fritidsbustadar i nord. Kjelde: Kommunekart.com

5.5 Reguleringsplan for Skjeljavika Hyttefelt i sør


I sør det planlagt ny fylkesveg som møter dagens fv 4736, ligg eit regulert hyttefelt med ca. 50 fritidsbustadar. Planen(ID_1160_1160-17-04) blei vedteken 19.09.2017, men utbygging er ikkje starta enda.



Figur 12 Reguleringsplan for Skjeljavika hyttefelt, område for fritidsbustadar i sør. Kjelde: Kommunekart.com

5.6 Reguleringsplan Hytteområde Dommersnes, Kolstø

Heilt nord i planområdet ved Kolthaugvegen ligg eit regulert hyttefelt med 4 tomter for fritidsbustad. Planen (ID_1160_1160-03-01) blei vedteken 09.06.2009. Det er ikkje bygd på nokon av dei 4 tomtene, men det er gitt løyve til tiltak for fritidsbustad på tomt nr. 1 i plana, og tomta er opparbeida.



Figur 10. Reguleringsplan for fritidsbustader på gnr.332/116 i nord. Kjelde: www.kommunekart.com

6 Planprosess med planprogram og konsekvensutgreiing

6.1 Generelt om krav til utredning og planskildring i plansaker

Alle planar i samsvar med plan- og bygningslova skal ha ei planskildring som beskriv planen sitt føremål, hovudinnhald og verknader, samt planen sitt forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området.

6.2 Kva utløyser krav om planprogram og konsekvensutgreiing

«For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.» (pbl. § 4-1, 1. ledd). Det kan også utarbeidast eller krevjast utarbeidd planprogram når arbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.»

«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.» (pbl. § 4-1, 2.ledd).

6.3 Forskrift om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutgreiing (FOR 2017-06-21-854) blei innført 1. juli 2017. KU-forskrifta kapittel 2 regulerer kva planar og tiltak som er omfatta av forskrifta.

6.4 Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast, jf. vedlegg I:

Den gjeldande reguleringsplanen frå 1980 er ikkje blitt konsekvensutgreidd med omsyn til planlagde tiltak i samsvar med § 6b i KU-forskrifta. Planen dekkjer ikkje tilstrekkeleg sjøområda/Ålfjorden. For å rette opp i dette, har kommunen i føresegna frå 20.06.2017 til kommuneplanen sett eit spesifikt krav om at tiltak/planar som omfattar sjøareal definert som "riggområde" skal gjennomgå konsekvensutgreiing. Med dette kan det seiast at kravet om utgreiingsplikt for kommuneplanen har blitt utsett og "overført" til reguleringsplannivået

«§ 6: Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

a. kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II.

Konklusjon: Planen (tiltaket) skal alltid konsekvensutgreiast når dette er fastsett som ramme for vidare planlegging, jf. § 6 a i KU-forskrifta.

Nr. 8: b) Nyetablering av farleier, hamner og hamneanlegg, der skip på over 1.350 tonn kan seile og anløpe. Det er uvisst kva for type skip/fartøy som vil anløpe kaiar og hamneanlegg. Det kan være aktuelt med lektere til transport av større konstruksjonar, og det kan også være nødvendig å frakte ut massar. Dei flytande offshore-vindkraft-installasjonane er tunge og har store dimensjonar. Det er truleg behov for å tredoble den eksisterande kailengda, slik at det er naturleg å definere tiltaket som eit heilt nytt hamneanlegg, og ikkje berre ei utviding av det som allereie finst.

Konklusjon: Bygging av nye kaiar og anlegg for løft/samanstilling av offshore- vindkraftinstallasjonar samt bruk av store deler av sjøarealet i fjorden er utgreiingspliktig jf. vedlegg I, punkt 8 b.

Nr. 19 omfattar uttak av masser. Det er ikkje mogleg å oppnå massebalanse innanfor industriområdet. Det vil derfor vera naudsynt å avklara bruken av massane på andre områder, samtidig som det kan vera behov for mellomlagring på delar av dette området. Dei kai-knytta områda må vere på same låge nivå, medan dei austlege delane av industriområdet kan plasserast på eitt eller fleire høgare nivå. Uansett vil det framleis vera aktuelt å nytta massane på andre stader. Dersom massane vert brukt kommersielt utanom opparbeiding, kan Minerallova bli gjeldande. Krav om konsesjon i tråd med Minerallova vil bli avklart i høyringsfasen. Eventuell konsesjonssøknad må då inkluderast som ein føresetnad i reguleringsføresegnene.

Konklusjon: Tiltaket må utgreiast jf. nr. 19 og krav i Minerallova. Det er naturleg at Vindafjord kommune er ansvarleg mynde i samsvar med begge lovar (PBL.) og at Direktoratet er høyringspart .

Nr. 20 omfattar kraftleidningar (inkl. kablar og sjøledningar) med 132 kV eller meir og minimum 15 km lengde: Planlagde omleggingar og tilknyttingar til overordna kraftnett er vesentleg kortera enn 15 km som er grenseverdien og kraftleidningar som går til området i dag er på 22 kV som vil vera tilstrekkeleg for den planlagde utbygginga.

Konklusjon: Tiltaket må ikkje utgreiast jf. nr. 20 og krav i Energilova med NVE som mynde.

Konklusjon: Punktet utløyser ikkje konsekvensutgreiingsplikt. Det er ev. eigar av konsesjon Haugaland Kraft Nett AS som må søke NVE om endringar i konsesjonen iht. Energilova.

Nr. 24 omfattar næringsbygg på samla meir enn 15.000 m². Det er fokus på næringsverksemd og tenesteyting, slik me forstår punktet. Dette kjem av at slike bygg vil generere fleire og større konsekvensar avhengig av tal tilsette, besøkjande og reiser/turar. Det totale arealet som er utnytta i dag utgjer om lag 172 000 m². Dette svarar til omtrent 10% av det totale bygde arealet, noko som truleg vil overskride grensa i forskrifta. På grunn av områdets storleik vil dette kriteriet vere relevant og gjelde.

Konklusjon: Bygging av nye næringsbygg som i sum vil overskride 15.000 m² er utredningspliktig jf. vedlegg I, punkt 24.

Sidan tiltaket/planen er utgreiingspliktig etter fleire punkt på vedleggsliste I, vurderast det ikkje nærare om det er fleire punkt som kunne vera aktuelt på vedleggsliste II.

Vurderinga av kva tema som er aktuelle vidareførast i samsvar med § 10 i forskrifta.

6.5 Opplysningar som skal leggast fram før oppstart

I samsvar med forskriftas § 9 har forslagsstillar engasjert fagkyndig til å gjennomføra ei førebels og sjølvstendig vurdering om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn.

Konklusjonen er at industri- og hamneanlegg på Dommersnes og i Ålfjorden er pliktig til å gjennomføra konsekvensutgreiing, jf. nr. 6 i forskrifta, vedlegg I.

Slik me forstår det, er både punkt 8b som omfattar etableringa av farleiar, hamnar og hamneanlegg for skip over 1350 tonn som gir utslaget. Sjølv om noko anlegg finst frå før, snakkar me om vesentlege utvidingar. Det same gjeld for definisjonen av "fartøy" jf. 8a, sidan det her er snakk om installasjonar til offshore vindkraftanlegg som stiller andre og høgare krav enn fartøy for manøvrering i fjorden og ved kai.

8. a) *Etablering av innlands vannveier og havner for trafikk på innlands vannveier der skip over 1 350 tonn kan seile (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 10f)*
b) *Nyetablering av farleder, havner og havneanlegg, der skip på over 1 350 tonn kan seile og anløpe. Ferjekaier inngår i punkt 7b, 7c eller 7e. (sitat, KU-forskrift).*

Punkt 19 gjeld masseuttak på over 200 daa og 2 mill. m³ masse, medan punkt 24 gjeld planlagde næringsbygg på over 15.000 m² som utløyser plikt til konsekvensutgreiing. Me har vurdert det slik at punkt 7 i vedlegg I omfattar andre nye vegar med kostnad over 750 mill. Det er lite sannsynleg at den nye fylkesvegen vil overstige denne terskelverdien. Konsekvensane av tiltaket vil bli dekt av dei tema som skal utgreiast, sidan tiltaka samla sett utløyser krav om konsekvensutgreiing.

6.6 Prosess for medverknad under utarbeiding av planprogram

Oppstartvarsel vil bli sendt ut til grunneigar, naboar/gjenboar og offentlege instansar (inkludert Sveio Kommune og Vestland fylkeskommune) og til organisasjonar som har interesser i planområdet. Organisasjonar som blir varsla er mellom ann Dommersnes aksjonsgruppa og eventuelt fiskelag som har fiskerettar i nærleiken av planområdet.

Samstundes med oppstartsvarsling, blir referat frå oppstartsmøte og forslag til planprogram lagt ut på Vindafjord kommune sin nettside og Norconsults heimesider. Planarbeidet ble annonsert i Grannar (nettavis). Høyringsperioden er minimum 6 veker.

I varslingsbrev og annonser blir det også informert om ei spørjeundersøking og dato for "open kontordag" i samband med planarbeidet. Spørjeundersøkinga vil vera tilgjengeleg for ålmenta, og vil bli lagt ved som lenke i varslingsbrevet som blir sendt til naboar. Ved "open kontordag" vil Norconsult sitje ein dag på rådhuset i Ølen eller i Vikebygd, der ein kan komme for å få informasjon om planprosessen og stille spørsmål.

Grendeutvalet vil bli invitert til eit dialogmøte i god tid før høyringsfristen går ut. Møtet skal arrangerast av Dommersnes AS, Norconsult AS i samarbeid med Vindafjord kommune som medarrangør og referent.

6.7 Vurdering av mottekne merknader og uttale til planprogram

Etter at planprogrammet er godkjend av kommunen og varsling av oppstart med planprogram er føreteken, startar høyringsperioden. Etter at høyringsfristen er løypt ut, vil det bli føretatt en vurdering av merknader og uttalar som er kome.

Konsulenten og fagpersonar vil bidra i vurderinga av innspelene. Kommunen vurderer til slutt om det er behov for tillegg eller endringar av planprogrammet, før planprogram leggast fram for endeleg fastsetting av kommunen.

6.8 Framdrift

Det er utarbeida ein mellombels framdriftsplan basert på tilbud til Dommersnes AS, med tentative datoar for dei enkelte aktivitetar/fasar. Planen vil måtte bli justert undervegs, dersom enkelte fasar skulle krevja meir tid.

Tabell 6-1 Utkast framdriftsplan

Aktivitet/fase	Periode/ tidspunkt	Kommentar
Utarbeiding innsending av planinitiativet	September	
Oppstartsmøte med kommunen	06.10.2023	Leiing teknisk, sakshandsamar; WP og Norconsult
Revidere planinitiativ og utforme forslag til planprogram	Starten av oktober Haustferie	
Formell oversending av planprogram til Vindafjord kommune, aksept før utsending	Siste del av oktober	
Godkjenning av høyringsutkast til planprogram	Siste del av oktober	Planprogrammet skal godkjennast administrativt før varsling om oppstart. Varslinga forberedast parallelt
Varsling og utsending, annonse/nettsider	Veke 43/44	Utførast av Norconsult
Medverknadsprosess i samsvar med kap 4.5 over	Veke43/44	
Frist merknader/uttalar til planprogrammet	07.12.2023	Min. 6 veker jfr. PBL.
Bearb./innsending endeleg planprogram	Veke 50	Forslag NO til kommunen
Drøfting møte den	Veke 50/51	
Fastsetting planprogram formannskap	februar. 2024	
Arbeid med plan og konsekvensutredning	Oktober 2023 til mars 2024	Forutsett forprosjekt 8. mars 2024
Legge fram tidleg planutkast i regionalt planforum	Mars 2024	Avklare forventningar som ikkje er tatt høgde for og avdekkje eventuelle utfordringar
Interne møter WP, NO og kommunen	Jan- mai 2024	Dialog fram til 1. gangsbehandling
Innsending planforslag med KU	15.05.2024	Foreløpig
Første gangs behandling i formannskapet (FS)	Medio juni 2024	Foreløpig
Høyring/offentleg ettersyn	18.06.- 19.08.2024	Min. 6 veker
Medverknadsprosess		
Svar på/vurdere uttalar, omarbeide planforslag – ev. avklåringsmøtet	Aug.-Okt. 2024	Ikkje mogleg å anslå tidsforbruket, min. er 2 månader
Annan gangs handsaming i FS	februar 2025	
Godkjenning Vindafjord kommunestyre	Februar/mars 2025	Ca. 18 månader frå oppstart som minimum/optimal framdrift

6.9 Forhold til 0-alternativet og kommuneplanen sin arealdel

For å kunne seie noko om konsekvensane til planforslaget er det naudsynt å gjera ei vurdering av null-alternativet. Det vil seie alternativ dersom tiltaka i planforslaget ikkje blir gjennomført, jf. forskrift om konsekvensutgreiing.

0-alternativet er godkjent reguleringsplan med tilhøyrande føresegner. Det vil vera mest riktig å definere dagens situasjon som 0-alternativ, fordi det er vanskelegare å vurdere kva som kan bli tillate jf. Gjeldande reguleringsplan innanfor industriområdet.

Eksisterande industrikaier og industritomter på begge sider av fylkesvegen er del av 0-alternativet. Hovudalternativet i revisjonen er full utbygging av ca 500 mål med industri. Det er også peikt på at det kan vere tilstrekkeleg å utvikle 200 mål til ny industri. Det vil derfor også bli vurdert om konsekvensane ved ein slik utbygging også skal vurderast opp mot 0- alternativet.

6.10 Vurdering av kriteria i forskrifta sin § 10, gjelder vedlegg II, brukast som grunnlag for gjennomgang

a) Verneområde etter naturmangfaldlova Kap. V	Nei, ingen registrerte i naturbase
Utvalde naturtypar, naturmangfaldlova kap. VI	Det er registrerte eit myrområde (Såtemyr, 4-6 meter djup, ca. 7 daa) innanfor industriområdet i KPL/varslingsgrensen. Ca. 1 km øst for plangrensa ligg eit «inngrepsfritt» område rund Vikefjellet og 1 km mot eit bløtbunnsområde i strandsona til Vikevik (modellert!). Planlagd FV ca. 860 vest for «inngrepsfri natur»
Verna vassdrag	Nei
Nasjonale laksefjordar og laksevassdrag	Nei, det finst eit gyteområde rett vest for Osnes og eit gytefelt nordover til Børkjenes – det er vist fiskeplassar for aktive reiskapar midt i fjorden og sør for Osnes i heile fjorden (temakart rogaland).
Objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova	Nei, næraste fornminne 300 m nord for plangrensen. Det er registrert eit skipsvrak på stor djupn som ikkje vert råka.
b) Truga urter eller naturtypar	Nei, berre Geitsvingel ved Osnesvika innanfor regulert område, registrert 13/8/2005, det er registrert fleire framande artar. Det er ikkje anadrome fiskeslag
Verdifulle landskap	Nei, klassifisert som «åpent fjordlandskap med tett bebyggelse»
Viktige friluftsområde	Nei; Sett bort frå: Skjeljavikneset 500-600 m sør for plangrensa, Leirhammar (regulert) og Vikevik (regulert 1 km mot nord). Skjeljavikneset og Vikevik er statleg sikra
Verdifulle kulturminne og kulturmiljø	Nei, ingen SEFRAK-bygningar
Nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, samt jord-/skogvern	Nei, både NGU sin kartlegging viser kunn uttak av pukkk nord for Osnes, berggrunnen er under kartlegging, basert på uttaket forventar ein fjell/granitt, ingen verneskog eller viktige jordbruksareala
Vassførekomstar	Ålfjorden, ID 026 0020100-C har god økologisk tilstand, men utgreiast separat. Det ligg eit lite vassbasseng frå tidlegare industriverksemd innanfor området.

c) statlege planretningslinjer, statlege eller regionale planføresegner	Ja, Regionalplan for grønn industri, innanfor føringar som er fastlagt, i Regionalplan ATPH definert som ledig næringsareal men et typisk C-plassering
d) større omdisponering av områder til LNF	Nei, i samsvar med KPA frå 2017.
e) auka belastning i område der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskride	Nei: ingen registreringar på «miljøtilstand»/NGU/Marin
f) konsekvensar for befolkningas helse, for eksempel som følge av vass- eller luftforureining	Nei: det forutsett at nye industrianlegg innfrir nye og framtidsette krav stilt av Miljødirektoratet ved godkjenning
g) vesentleg forureining eller klimagassutslepp	Nei: Det forutsett at nye anlegg ikkje medfører vesentleg forureining eller klimagassutslepp
h) risiko for alvorlege ulukker som en følge av naturfarar som ras, skred eller flaum	Aktsemd for flaum ved bekk/myr nord i planområde. Utover dette området er det ikkje aktsemd for flaum/erosjon, skred/ras, kjemikalieutslepp eller brann-/eksplosjonsfare. Lausmassar/marin grunn, stormflo/flaum og havnivåstigning (hamneanlegg), er del av KU- og ROS-analysen

7 Utgreiingsprogram (førebels innleiande oversikt)

Gjennomgang av aktuelle utgreiingstema resulterer i følgjande forslag til utgreiingsprogram, jf. § 21 i KU-forskrifta:

Tema	Relevante forhold i konsekvensutgreiing
Naturmangfald I sjø (marint) inklusive fiskeri og på land (terrestrisk)	Ingen verneområde jf. Kap. V i Naturmangfaldlova eller verna vassdrag innanfor planens influensområde. I sjø er det registrert gyteområde for torsk, samt rekefelt Det er markert for Ålegras i planområdet. På land er det registrert framande artar i planområdet; mellom anna Hvitstein kløver, klistersvineblom, platanlønn, brokkurt og gyvel. Det er registrert ein ansvarsart i planområdet: geitsvingel. Av truga artar er det registrert havørn, kongeørn fiskeørn, hønsehauk og hubro i planområdet. Truga arter/naturtypar, gyteområde for torsk og område der det kan være ålegras er relevant å greie ut. Konsekvensutgreiast
Økosystemtenester	Jf. veileiar M-1941 skal vurderingane gjerast under det miljøtemaet som er mest relevant. Dei fleste er plassert under naturmangfald, som også dekker mykje av temaet vassmiljø. Andre tenester er plassert under friluftsliv, landskap, kulturminne og kulturmiljø, samt klimagassutslepp.
Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål	Norge har 24 klima- og miljømål Internasjonalt gjeld FN sine 17 mål med 169 delmål og FN sin naturavtale (22.12.2023). Desse måla blir ivareteke gjennom dei enkelte tema (Naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, forureining og i ROS-analysen) Temaet omtalast i planskildringa . For klima og klimatilpassing skal det vurderast konsekvens av klimaendring der nasjonale klimaframskrivingar blir lagt til grunn. Klimatilpassing og utsleppsreduksjon må sjåast i samheng der det er relevant. Målet er å planlegge for både reduserer utslepp og reduserer risiko og sårbarheit

	som følge av klimaendringar. For klima og klimatilpassing skal det utarbeidast eit eige notat.
Verknadar for lokalsamfunn	Sysseting, tilflytting, investering, skatteinntekter, lokalt/regionalt og nasjonalt, bør konsekvensutgreiing.
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne/kulturmiljø i planområdet. Nord for bustad på 332/4 er det registrert "Kolerakirkegard". Dette ligg utanføre planområdet. Det registrert eit skipsvrak på stor djupn (alder ukjend) som ikkje vil bli råka. Ikkje naudsynt med konsekvensutgreiing.
Friluftsliv	Viktige friluftsområde, både til Ålfjorden og i «fjellet», Vurdere påverknad av nærmiljø for eksisterande fritidsbustadar, avklare strandsoner på begge sider av fjorden, Konsekvensutgreiast
Landskap	Påverknad av landskapet gjelde både opparbeiding av området, ny fylkesveg og bygg/anlegg på land og i sjø. På grunn av storleiken ventast det at influensområde må definerast nok så vidt. Konsekvensutgreiast
Forureining – luft/klimagassutslepp; CO2	Konsekvensutgreiast , jf. M1941
Forureining – vatn	<u>Inngår under vassmiljø.</u>
Forureining – grunn/sedimenter i sjø	Grad av forureining i sjøen utanfor dagens anleggsområde. Konsekvensutgreiast
Forureining – støy	Støyvurderinga er relevant for industri og hamneområda og aktivitetar som ventast også på kveld/natt og på helgedagar/heilag dagar. Konsekvensutgreiast ,
Vassmiljø	Omfattar både elvevatn, grunnvatn og fjord; formål: unngå forringing av tilstanden og ta omsyn til beskytta områder. Forureining i sjø som følge av tiltak i forureina område (sjå 6.6) er relevant. Konsekvensutgreiast ,
Jordressursar/jordvern og viktige mineralressursar	Planområdet vil ikkje påverke dyrka eller dyrkbar jord. Areal innanfor planområdet er avsett til næringsverksemd, park og ferdsle. <u>Skog og mineralressursar omtalast i planskildringa.</u> Det er barskog med høg og svært høg bonitet i området Området sin betydning for utvinning av mineralressursar «grus» må konsekvensutgreiast og avklarast med tanke på konsesjonsplikt (jf. Minerallova).
Samisk natur- og kulturgrunnlag	Ikkje relevant
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Tema omtalast i planskildringa . For tema transport blir det utarbeida ein analyse som dekkjer endringar av transportomfang i anleggs- og driftsfase (bil/sykkel). Utgreiing av energiforbruk og energiløysingar inngår i søknaden etter energilova og forureiningslova.
Beredskap og ulykkesrisiko	Inngår i ROS-analysen (eige dokument) – gjeld fare som kjem frå verksemd med særleg fokus på aktivitetar i sjøen
Verknader som følge av klimaendringar, herunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred	Inngår i ROS-analysen basert på TEK17 – gjelder naturfarar og farar som påverkar verksemda
Befolkninga si helse og helsa si fordeling i befolkninga	Ikkje relevant
Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Temaet inngår i tema «friluftsliv» og omtalast i tillegg i planskildringa når det gjelder gang- og sykkelvegar.

Barn og unge sine oppvekstvilkår	Temaet inngår i tema «friluftsliv» og omtalast i tillegg i planskildringa
Kriminalitetsforebygging	Ikkje relevant
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	3D-illustrasjoner av bygg og anlegg går inn i planskildringa og tema «landskap» både for nær- og fjernverknad.

8 Søknader i samsvar med andre lover og forskrifter

8.1 Generelt

- A. Kommunen er planmyndigheten i samsvar med Plan- og bygningsloven
- B. Statsforvaltaren er mynde etter Forureiningslova
- C. NVE skal godkjenne tiltak (omlegging og tilførsel av EL-kraft)
- D. NVE skal godkjenne uttak av vatn fra vassdrag eller grunnvatn (meir enn 100m³/døgn utlørsar meldeplikt iht. energi- og vassdragsloven.
- E. Uttak av masser på meir enn 10.000m³ er meldepliktig og det kan vera aktuelt at tiltak er konsesjonspliktige. Dette vil plan- og utgreiingsprosessen avklare.
- F. Etablering av hamneanlegg, eller vesentlege endringar av eksisterande, må godkjennast av hamnemyndighetane, Kystverket og Statsforvalteren (Havne- og farvannsloven og Forureiningslova)

8.2 Forureiningslova

Etablering av slik industri- og hamneområde krev ikkje særskilt løyve i samsvar med forureiningslova som Miljødirektoratet skal gi. [Lov om vern mot forurensninger og om avfall \(forurensningsloven\) - Lovdata](#).


[Forskrift om begrenning av forurensning \(forurensningsforskriften\) - Lovdata](#) er vurdert, men .

Forurensningslova vil komme til bruk ved tiltak i og ved sjø, der Statsforvaltaren har mynde og tiltaket må sjåast i samanheng med hamne- og farvasslova og eventuelle krav som kan komme fra Fiskeridirektoratet eller fylkeskommunen som mynde for vass-forvaltninga.

8.3 Energilova

Det er behov for ca. 5 MW kraft til industriområde. Dommersnes har vert i dialog med netteigar Haugaland Kraft Nett AS som har meldt tilbake at det ville kunne gis 2,5 MW kraft innanfor en periode på ca. 6 månadar som oppgradering frå dagens 800 KW som område har i dag.

Det er førebels ikkje avklart om 22 kV leidning vil vera tilstrekkeleg for en framtidig forsyning av område. Det er og opplyst at leidning er ny og helst ikkje bør flyttast som en del av ny vegføring, sjå raud linje i figuren under.



Figur 13 Nedslagsfelt for konsesjonsbelagt vassdrag, Vikelva, Vikebygd; Kjelde: www.nveatlas.no.

8.4 Vassressurslova


For større uttak av prosessvann eller kjølevatn krevjast konsesjon i samsvar med vassressurslova. [Lov om vassdrag og grunnvann \(vannressursloven\) - Lovdata](#). – Det avklarast med kommunen hvilke mengder som kan leverast til sivil bruk.

8.5 Minerallova

Direktoratet for Mineralforvaltning skal godkjenne uttak av mineraler, samt stein, pugg/grus og sand dersom det overstig en terskelverdi og dersom massane ikkje går til konkret opparbeiding av område.

8.6 Hamne- og farvasslova

Etablering av nytt hamneanlegg krev løyve frå hamnemyndigheita i samsvar med [Lov om havner og farvann \(havne- og farvannsloven\) - Lovdata](#) etter at planen er vedtatt. Lokale havnemyndigheter, eiere av havneanlegg og Kystverket vil bidra med uttalelser i planprosessen. Tillatelsen må også foreligge parallelt iht. plan- og bygningsloven, forurensingsloven og eventuelt være innenfor DSB sitt samtykke.



Figur 16 Riggområde Vikebygd (4001) vist i Sveio kommune sin kommuneplan; Kjelde: www.sveio.kommune.no

9 Kjelder

9.1 Kommuneplan for Vindafjord 2017-2029 med føresegner og retningslinjer, samt avklaring av status til reguleringsplanar

9.2 Naturbasekart,

9.3 Artsdatabanken,

9.4 NVE-Atlas,

9.5 Kulturminnesok.no

9.6 NGU-Atlas

9.7 Temakart-Rogaland

Lista er ikke uttømmende